

# Økonomiplan for 2021 — 2024

## Øystre Slidre kommune

---



Vedteken i kommunestyret 17.desember 2020 i sak 78/20

[https://pub.framsikt.net/2021/oystre-slidre/bm-2021-økonomiplan\\_2021-24/](https://pub.framsikt.net/2021/oystre-slidre/bm-2021-økonomiplan_2021-24/)

## Innhold

Forord.....	3
Plangrunnlaget .....	4
Befolkningsutvikling .....	7
Hovedtallene i budsjettforslaget.....	7
Økonomisk utvikling i planperioden .....	10
Kommunens tjenesteområder .....	15
Rådmannen .....	15
Opplæring og kultur .....	17
Helse og omsorg.....	24
Tekniske tenester .....	29
Investeringer i økonomiplanen .....	35
Budsjettvedtak .....	43
Vedlegg.....	51

## Forord

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande handlingsreglar vil bidra til det:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntektene skal vera på minst 3%.
- Disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld skal utgjere maksimalt 75 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjere maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %. Kommunen ønskjer å behalde 3 % som mål. Dette har samanheng med at kommunen ønskjer større handlingsrom til m.a. å kunne finansiere ein større del av investeringane sjølv og dermed redusere lånegjelda.

Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på fond for å møte slike situasjonar. Det er difor eit mål for kommunen at sum for disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda til kommunen har auka monaleg som følgje av utbygging av Helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen bør gjeld som påverkar generaløkonomien (utanom sjølvkostområda og formidlingslån) ikkje overstige 50% av brutto driftsinntekter.

## 10 på topp/hovudprioriteringar og samandrag

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal ferdigstille uteområde ved Øystre Slidre helsetun, gjere Helsetunet til ein møteplass for innbyggjarane i kommunen og legge om helse- og omsorgsteneste slik at moglegheitene nytt helsetun gir vert utnytta.
- Vi skal busetja inntil 20 flyktningar i 2021 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.
- Vi skal starte arbeidet med å revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen sommaren 2022.
- Vi skal i lag med nasjonale myndigheiter og andre samarbeidspartar etablere ressurscenter for fjellandbruk på Løken gard.
- Vi skal sørge for at minst 5 verksemder inngår i næringsklynga Klima+ innan utgangen av 2021, der målsettinga med næringsklynga er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og styrke satsinga på eit miljø- og klimavennleg landbruk og reiseliv.
- Vi skal i samarbeid med næringslivet etablere selskapet Beitostølen Utvikling as som eit felles selskap for finansiering og gjennomføring av fellestiltak på Beitostølen, der målsettinga er å doble tal busette til 600 personar og tal overnattingsdøgn til 600 000 gjestedøgn innan 2035 gjennom å heve sentrums kvalitetane og invitere til oppleving av Rein naturgode.

- Vi skal gjennomføre eit forprosjekt med sikte på å etablere ein folkehøgskule med tilgrensande aktivitetar i tidlegare sjukeheim.
- Vi skal halde fram med utbygging av stiar og løyper i kommunen, og i lag med løypeforeiningane, idrettslag og næringslivet vurdere nye modellar for organisering og finansiering av drift av løypenettet.
- Vi skal i lag med idrettslaga og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å doble bruken av området gjennom heile året.
- Vi skal gå gjennom alle driftsområda med sikte på å redusere kostnadene i drifta, for å oppnå budsjettbalanse og handlingsreglane for kommunen for god økonomiforvaltning i åra framover, og samtidig arbeide for effektive, robuste og velfungerande tenester.

Utviklingsområda vil bli prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

Investeringsramma i planperioden er på om lag 358 mill. kroner, herunder 63 mill. kroner er overført ramme frå 2020. Det er m.a. sett av til saman 332 mill. kroner til tiltak på vatn og avløp, herunder 34 mill. overført frå 2020. Av dette er det budsjettert med at 76 mill skal gjennomførast i 2021. I tillegg er det avsett 4 mill. kr til kjøp av område for bustadbygging m.a. Solhauglie, og oppgradering av vegar og annan infrastruktur. Planlagd låneopptak samla for investeringane i planperioden er om lag 271 mill. kroner.

Auka gjeld gir ein auke i rente- og avdragskostnadene i driftsbudsjettet, med ein auke i forhold til revidert budsjett 2020 på 0,9 mill. i 2021, 3,4 mill. i 2022, 6,7 mill. i 2023 og 10,8 mill. i 2024. Auken frå 2021 er i det vesentlege innanfor VA-området og vert dekkja inn gjennom høgare VA-gebyr. I tillegg til auka kapitalkostnader i drifta er kraftinntektene redusert frå 2020. I driftsbudsjettet er det difor i tillegg til alle konsekvensjusteringar vore nødvendig å legge inn inn auka inntekter eller reduserte kostnader med i størrelsesorden 11,7 - 13,2 mill. kvart år i økonomiplanperioden for å balansere budsjettet. I økonomiplanen har vi m.a. auka inntektene for kommunale bustader og byggesak, redusert kostnader innan grunnskule, helse- og omsorg, straum og vedlikehald eigne bygg, og lagt inn osthøvelkutt på tenestene tilsvarande prisstigninga, med 0,85 mill årleg. I tillegg er det lagt inn uspesifisert innsparing i år 2023 og 2024 med 1,2 og 1,4 mill, og bruk av disposisjonsfond i 2021 med 6,6 mill.kr. Det er lagt til grunn ei vidare satsing på nærings- og utviklingstiltak, ved bruk av eigedomsskatt på nivå med tidlegare år.

## Plangrunnlaget

### Hovedmål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

## Rammebetingelser og forutsetninger

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognosar og vurderingar:

1. Skatt på inntekt og formue for 2021 er basert på prognosar frå statsbudsjett for 2021. Skatteinntektene vil vera avhengig av skatteinntektene i eigen kommune og skatteinntektene nasjonalt. Skatteinntektene i eigen kommune vil bli påverka av endring i folketal og aktiviteten i næringslivet.
2. Rammetilskot. Rammetilskotet er auka i samsvar med føresetnadene i statsbudsjettet for 2021. Storleiken på rammetilskotet vert påverka av endringar i folketalet og demografien (utgiftsutjamninga).
3. Eigedomsskatt. Inntektene frå eigedomsskatt er avhengig av taksnivået og skattenivået. Skattesatsen for bustad og fritidsbustad er som i 2020 budsjettet med 3 promille. Skattetaksten på energianlegg og næring blir vidareført med 7 promille.
4. Kraftinntekter er budsjettet ut frå budsjettet minstepris og prognosar frå kommunens kraftforvaltar Ishavskraft.
5. Området Skjel går over frå Vestre Slidre kommune til Øystre Slidre kommune frå 1.1.2021. Dette har effekt for rammetilskot, skatteinntekter, kraftinntekter, eigedomsskatt, og utgifter på dei ulike områda. Effekten er innarbeida i økonomiplanen ut frå beste estimat frå bl.a. Vestre Slidre kommune.
6. Dei fleste inntekter og utgifter er auka med den kommunale deflatoren, som vart fastsett til 2,7%. Lønsregulering var lågare, medan prisveksten på kjøp av varer og tenester var prognosert til 3,5%.
7. Lønsbudsjettet er framskrive ut frå vedtekne stilingshemlar og lønn ut frå sentrale prognosar for lønnsstigning. Pensjon er budsjettet med utgangspunkt i prognosar frå KLP og SPK.
8. Kommunen mottok 1.halvår 2021 ei ekstraløyving på 2.500` som skal kompensere for ekstra utgifter relatert til covid-19. Den ekstra løyvinga er budsjettet som både inntekt og som reservert løyving på utgiftssida.
9. Renteutgifter og avskrivning er rekna ut med bakgrunn i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden. Rentenivået har gått vesentleg ned i 2020. Det er no lagt til grunn rentesats på hhv. 1,22%, 1,31%, 1,50% og 1,73% i planperioden. Grunnlaget er Kommunalbanken sine budsjettrenter publisert 24.9.2020 med påslag 0,25 %-poeng. Renteinntekter er budsjettet i forhold forventa likviditet innestående i bank, renter på obligasjon samt renter på ansvarleg lånekapital. Lågare netto rentekostnad vart budsjettjustert i 2020 i samband med 2.tertialrapporten, og difor er det lite endring frå revidert 2020-budsjett til 2021.
10. Avdragstida er sett ut frå beste estimat for dei ulike avskrivingsgruppene. Det er lagt inn ein margin i høve minste tillatte avdrag.
11. Sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon og feiing er budsjettet i 0 med saldering mot bundne sjølvkostfond.
12. Av inntektene frå eigedomsskatt er i gjennomsnitt 12.000` som tidlegare føresett benytta til nærings- og utviklingsformål, som nærare beskrive i vedlegg. Beløpa er avsett til disposisjonsfond eigedomsskatt, og aktuelle tiltak er finansiert med bruk av fondet.
13. Covid-19: Kommunen sin økonomiske situasjon er særleg usikker også i 2021 grunna covid-19-situasjonen. Det er og usikkert korleis pandemien vil prege Øystre Slidre kommune, og kor mykje kommunen vil få av kompensasjon frå staten i 2021 som følgje av covid-19. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å kartlegge dei økonomiske verknadene av virusutbrotet for kommunesektoren, og dei skal levere sin rapport i april 2021. Budsjettet for 2021 vil difor vera prega av stor usikkerheit.

## Grensejustering 1.1.2021 - Skjel

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vedteke at kommunegrensa mellom Vestre Slidre kommune og Øystre Slidre kommune blir endra med verknad frå 1.1.2021, slik at Skjel blir ein del av Øystre Slidre. Området omfattar fem eigedomar og 12 innbyggjarar.

Overtakinga medfører auka kostnader og inntekter, m.a. auke i generelle inntekter på om lag kr 600`. Dette er innarbeida i prognosar frå statsbudsjett og KS for skatteinntekter og rammetilskot for 2021. Auka folketal vil gje auka utgifter/reduerte inntekter til skule og eldreomsorg mv. Konsekvensar er teke omsyn til i kapasiteten som ligg til grunn i økonomiplanen.


I tillegg vil andre kraftrelaterte inntekter bli påverka av ei grensejustering. Det er i økonomiplanen lagt til grunn at Øystre Slidre får auka inntektene frå 2022 med ca. 1.500`. Dette består i:

- Eigedomsskatt knytt til Lomen kraftverk (690` - 825` årleg)
- Konesjonskraftinntekter (ca 267`).
- Naturressursskatt blir fordelt til kommunene etter reglane i skattelova § 18-7 (med 1,1 øre per kWh). Skatten blir fordelt mellom reguleringskommunene, fallkommunene og kraftverkskommunen. Vestre Slidre kommune estimerer ein reduksjon av naturressursskatt på anslagsvis 497`. Øystre Slidre kommune vil få ein auke i inntekter. Størrelsen er usikker. Vi har lagt inn eit estimat på 490`.
- Konesjonsavgifter (ca 547`). Konesjonsavgifta blir fordelt mellom magasinkommuner, overføringskommuner, fallkommunen og elvekommuner nedstrøms. Estimert tap for Vestre Slidre frå Skjel går over til Øystre er 547`. Øystre Slidre kommune kan pårekne omtrent tilsvarende auke i konesjonsavgift inntekter. Desse skal avsetjast til bunde kraftfond.

## Befolkningsutvikling

### Demografi

#### Prognose vekst



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 - åringar	100,0 %	81,8 %	78,8 %	78,8 %	78,8 %	75,8 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	100,0 %	92,6 %	91,3 %	91,9 %	89,3 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	93,1 %	86,3 %	83,1 %	80,3 %	80,6 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	85,4 %	85,4 %	78,5 %	76,4 %	74,3 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	97,8 %	95,6 %	90,9 %	87,0 %	84,3 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	107,0 %	105,3 %	116,0 %	123,0 %	123,5 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	150,0 %	208,3 %	235,0 %	245,0 %	266,7 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	79,4 %	114,7 %	173,5 %	247,1 %	282,4 %
Total	100,0 %	99,8 %	99,7 %	99,4 %	98,9 %	98,3 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

Tabellen er bygd på SSB sine MMMM-prognose for utvikling i folketalet. Vi ser av tabellen at folketalet er forventet å auke i åra framover, også i økonomiplanperioden. Endringar i folketalet gjev endringar i behovet for tenester, men også endringar i overføringane frå staten. Vi ser av tabellen at vi kan forvente mindre endringar i folketalet for born i barnehage- og skulealder og etter kvart ein auke i talet på eldre.

## Hovedtallene i budsjettforslaget

## Sentrale inntekter og utgifter

Kommunen har fått auka generelle inntekter på 4.431`, Dette består av auke (deflator) på ca. kr 6.314`, og fråtrekk for lågare integreringstilskott med 1.432`. Kommunen får i tillegg eit ekstra tilskot på 2.652` for 1.halvår 2021 til dekning av ekstra utgifter knytt til covid-19. Dette er budsjettert avsett til disposisjonsfond, til rådmannen sin bruk til ekstra utgifter knytt til covid-19 i 2021.

Rente- og avdragsutgiftene er rekna ut med bakgrunn i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden. Rentenivået har gått vesentleg ned i 2020. Det er no lagt til grunn rentesats på hhv. 1,22%, 1,31%, 1,50% og 1,73% i planperioden. Grunnlaget er Kommunalbanken sine budsjettrenter publisert 24.9.2020 med påslag 0,25 %-poeng. Renteinntekter er budsjettert i forhold forventa likviditet innestående i bank, renter på obligasjon samt renter på ansvarleg lånekapital. Lågare netto rentekostnad vart budsjettjustert i 2020 i samband med 2.tertialrapporten, og difor er det lite endring frå revidert 2020-budsjett til 2021.

Avdragsutgiftene er budsjettert til 2.444` høgare enn 2020-budsjettet, men lågare enn det vart lagt opp til i økonomiplanen 2020-2023 for 2021- med hhv. 2.677`, 3.609`, 3.216` og 1.481`. Avdrag er ht. betalingsplan, samt regelverket for minste tillatte avdrag ut frå estimert avskrivningstid for dei ulike avskrivingsgruppene, med ein margin.

Frå og med 2021 er det budsjettert med avskrivningar og mva-kompensasjon. Kostnads- og inntektspostane går i 0, men er teke med på sentralt område, for eit meir fullstendig budsjett og meir samanliknbare tal i brutto driftsresultat mv. i økonomisk oversikt.

Det er ikkje vesentlege endringar i bruk og avsetjing bundne fond på sentralt område frå 2020 til 2021. Konesjonsavgifter er som tidlegare sett av på fond, og blir brukt i driftsrekneskapan til betaling av renter og avdrag i samsvar med vedtekter for kraftfondet. I tillegg blir det brukt 5,5 mill. av gåvefond (Grønolen) til sansehage, inventar og utsmykking av det nye Helsetunet (overført frå budsjett 2020). Samla bruk av bundne avsetjingar er såleis 9,1 mill. kr i 2021, hovudsakleg fordi nokon investeringar er utsett.

I økonomiplanen for 2021 er det budsjettert med bruk av 6.671` av disposisjonsfondet for å balansere drifta. I revidert budsjett for 2020 (etter auke som følge av reduserte kraftinntekter på 5.700` og satsing på breiband med 3.200`) er det brukt 7.298` av disposisjonsfondet.

## Meir utfordrande driftsøkonomi

Kommunen sin økonomiske situasjon har vorte vesentleg forverra seinare tid, i all hovudsak på grunn av kapitalkostnader knytt til nytt Helsetun, samt fallande kraftprisar. Det har vorte tæra på disposisjonsfondet i 2020, og det har og vore nødvendig å nytte disposisjonsfondet for å balansere driftsbudsjettet for 2021.

For å balansere drifta har det vore nødvendig å starte vesentlege effektiviseringsprosessar i samband med økonomiplanarbeidet. Enkelte innsparingstiltak er innarbeida i budsjettet for 2021, medan andre fyrst vil få verknad for 2022 og framover. Vi syner til nærare omtale under tenesteområda.

Som ein del av nødvendige innsparingstiltak er det for alle tenesteområder med unntak av sjølvkostområder gjort kutt på innkjøp av varer og tenester tilsvarande prisveksten som var lagt inn på

## Økonomiplan for 2021-2024

3,5%. Dette innsparingstiltaket medførte reduksjon i utgifter totalt på ca. 850` årleg, og er ikkje omtala særskilt under det enkelte tenestoområde.

Løyvingar til tenestoområda går fram av vedlegg bak i dokumentet; "§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)".

### Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Skatt på inntekt og formue	-101 589	-101 691	-101 691	0	-106 027	-106 027	-106 027	-106 027
Ordinært rammetilskudd	-100 957	-103 246	-103 246	0	-104 071	-104 071	-104 071	-104 071
Skatt på eiendom	-21 270	-22 500	-22 620	0	-23 322	-24 052	-24 052	-24 052
Andre generelle statstilskudd	-4 971	0	0	0	-3 849	0	0	0
Integreringstilskott	-993	-6 300	-6 300	0	-4 868	-7 078	-7 075	-7 723
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-229 780</b>	<b>-233 737</b>	<b>-233 857</b>	<b>0</b>	<b>-242 137</b>	<b>-241 228</b>	<b>-241 225</b>	<b>-241 873</b>

### Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Avskrivninger (sentral budsj)	0	0	0	0	22 400	24 100	26 400	28 700
Mva-kompensasjon	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum sentrale utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>22 400</b>	<b>24 100</b>	<b>26 400</b>	<b>28 700</b>

### Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Renteinntekter og utbytte	-6 914	-5 880	-4 880	0	-3 475	-3 440	-3 440	-3 440
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	5 472	9 447	6 947	0	5 407	6 339	7 932	10 298
Avdrag på lån	11 793	15 856	15 856	0	18 300	19 835	21 562	23 297
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>10 351</b>	<b>19 423</b>	<b>17 923</b>	<b>0</b>	<b>20 232</b>	<b>22 734</b>	<b>26 054</b>	<b>30 155</b>
Finansutgifter i tjenestoområdene	-90	0	0	0	170	170	170	170
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>10 261</b>	<b>19 423</b>	<b>17 923</b>	<b>0</b>	<b>20 402</b>	<b>22 904</b>	<b>26 224</b>	<b>30 325</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	-22 400	-24 100	-26 400	-28 700

## Avsetninger og årsoppgjørdisposisjoner

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Til ubundne avsetninger	25 867	0	0	0	15 849	13 543	12 000	12 000
Bruk av ubundne avsetninger	-1 584	-12 598	-21 498	0	-17 854	-18 192	-10 243	-10 443
Bruk av bundne avsetninger	-4 014	-9 100	-9 100	0	-9 309	-3 600	-3 600	-3 600
Overføring til investeringsregnskapet	0	19 500	20 000	0	8 400	8 500	2 000	2 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>20 269</b>	<b>-2 198</b>	<b>-10 598</b>	<b>0</b>	<b>-2 914</b>	<b>251</b>	<b>158</b>	<b>-42</b>
Netto avsetninger i tjenesteområdene	-11 044	-937	2 708	0	-5 551	-3 650	-2 640	-1 584
<b>Totale avsetninger</b>	<b>9 225</b>	<b>-3 135</b>	<b>-7 890</b>	<b>0</b>	<b>-8 465</b>	<b>-3 399</b>	<b>-2 482</b>	<b>-1 626</b>

## Økonomisk utvikling i planperioden


## Resultatutvikling i økonomiplanperioden

Beløp i 1000

	Budsjett 2020	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
Sum inntekter	-339 670	-347 251	-353 359	-357 274	-362 830
Sum utgifter	319 782	354 115	354 354	356 332	359 231
<b>Brutto resultat</b>	<b>-19 888</b>	<b>6 864</b>	<b>995</b>	<b>-942</b>	<b>-3 599</b>
Netto finansutgifter og inntekter	19 423	20 402	22 904	26 224	30 325
Motpost avskrivninger	0	-22 400	-24 100	-26 400	-28 700
<b>Netto resultat</b>	<b>-465</b>	<b>4 866</b>	<b>-201</b>	<b>-1 118</b>	<b>-1 974</b>
Avsetninger og årsoppgjørdisposisjoner	-19 035	-13 265	-8 299	-882	-26
Overført til investeringer	19 500	8 400	8 500	2 000	2 000
<b>Årsresultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Denne tabellen viser stor endring frå 2020 til 2021 i postane netto finansutgifter og inntekter, og i sum utgifter. Dette skuldast at det frå og med 2021 er budsjettert inn avskrivningar, som viser som kostnad i sum utgifter, og som inntekt under finans.


### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Øystre Slidre	3,6 %	1,8 %	6,6 %	3,2 %	0,1 %	-1,4 %	0,1 %	0,3 %	0,5 %

Kommunens har mål om netto driftsresultat på 3% av brutto driftsinntekter. Dette målet er ikkje nådd i denne økonomiplanperioden.

### Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Øystre Slidre	23,8 %	22,5 %	20,9 %	18,0 %	12,6 %	11,4 %	9,7 %	9,9 %	9,9 %

Kommunen har mål om at disposisjonsfondet skal vera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet har vore godt over dette nivået til og med 2019. Imidlertid er det i 2020 tæra på disposisjonsfondet med netto bruk 21.498`, til delvis finansieringar av investeringar (14.200`), og til drift (7.298`). Berekna disposisjonsfond per 31.12.2020 er på kr 39.604`, som utgjør 11,81% av brutto driftsinntekter, og dermed er under kommunens handlingsregel.


Grunna store investeringar i nytt helsetun, vil driftsøkonomien i økonomiplanen bli utfordra med vesentleg auke i finanskostnader (rente- og avdragskostnader). Det er ikkje implementert tilstrekkelege effektivisering til å kompensere for dette, noko som medfører behov for å bruke ytterlegare av disposisjonsfondet i 2021 for å få budsjettet i balanse. Om ein ser bort frå avsette ekstraløyving til covid-19, som ein må forvente å benytte til covid-19-kostnadar som ikkje er budsjettert, vil disposisjonsfondet, ved framlagt budsjett vera på 33.242` (9,6%) ved utgangen av 2021.

### Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Øystre Slidre	2,7 %	2,7 %	3,3 %	3,7 %	5,3 %	5,9 %	6,5 %	7,3 %	8,4 %

## Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter




Lånegjelda har auka monaleg i 2020 med det nye Helsetunet, og vil fortsetja å auke betydeleg i planperioden.

Framover er det planlagt investeringar i all hovudsak innan vatn og avløp. Kommunen har eit ambisiøst nivå på VA-utbyggingar. I økonomiplanperioden vil det bli teke opp nye VA-lån med om lag 256.000`. Dette kjem i tillegg til eit låneopptak i 2020 på 62.800` til VA. VA-investeringar er sjølvkostområde, som blir finansiert 100% med låneopptak, og betalt gjennom auka VA-gebyr. Vi syner til nærare omtale under vedlegg sjølvkostbudsjett.

Kommunens samla gjeld vil auke frå 402.721` per 2020 til 590.000` ved økonomiplanens slutt. Av saldo per 2024 vil ca. 410.000` vera lån for sjølvkostområdet VA.

Kommunens mål er at samla langsiktig lån ikkje utgjer meir enn 75% av kommunens brutto driftsinntekter. Dette målet blir ikkje nådd i denne økonomiplanperioden. Kommunen har og som mål at langsiktig lån for generaløkonomien (områda utenom sjølvkost og formidlingslån) ikkje skal utgjera meir enn 50% av brutto driftsinntekter. Ved inngangen til 2021 utgjer slik gjeld ca. kr 248.000` og ca 74% av brutto driftsinntekter, og går gradvis nedover til 174.000` og 48% ved utgangen av økonomiplanperioden.

## Netto lånegjeld i kroner per innbygger



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Øystre Slidre	58 014	70 011	80 234	104 345	136 732	134 296	146 784	160 464	180 533

Netto lånegjeld i er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidler. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne midler).

## Kommunens tjenesteområder

### Rådmannen

#### Analyse og utfordringar

Kommunen har i denne økonomiplanen sett som ei viktig målsetjing å effektivisere drifta. Dette for å oppnå budsjettbalanse i åra framover utan å tære på disposisjonsfond, og halde seg innanfor dei økonomiske handlingsreglane. Kommunen har sett iverk enkelte effektiviserings-prosessar. Nokon får raskt effekt, medan andre må vurderast nærare og kan ta noko tid å sjå effekten av.

#### Kvalitetsvurdering

Under rådmann og stab har det dei siste par åra vore utfordringar med å få gjennomført alle oppgåver innan vanleg arbeidstid, fordi det har vore fleire nye medarbeidarar, vakans i økonomisjefstillinga ei periode, samstundes som ein har hatt ekstra arbeid med implementering av nye system, omstrukturering av rapporteringsstruktur mv. Mål framover er å koma godt ajour, gjennomføre arbeidet med dei ressursane ein har til rådvelde, kontinuerleg arbeide med forbetringar, herunder finne fram til meir effektive måtar å løyse oppgåver på, og samstundes halde høg kvalitet på arbeidet og god personell- og økonomistyring.

#### Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	5 543	5 297	6 547	4 425
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	356	361	263	126
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	613	723	990	484

Kommunen har administrative utgifter per innbyggjar som er høgare enn landssnittet, men lågare enn snittet i kostragruppe 2. Utgifter til politisk styring fylgjer same mønster. Det er naturleg at ei mindre kommune som Øystre Slidre er, har noko høgare utgifter per innbyggjar enn store kommuner. Utgifter til kontroll og revisjon er høgare i Øystre Slidre kommune enn både kostragruppe 2 og landet for øvrig.

#### Delmål

##### Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

##### Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Kommunen skal effektivisere drifta. Dette for å oppnå budsjettbalanse i åra framover utan å tære på disposisjonsfond, samt halde seg innanfor kommunens økonomiske handlingsreglar.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

## Nye tiltak og innsparinger oversikt

Dei viktigaste nye tiltaka og innsparingane er omtalt nedanfor.

For øvrig nevner vi at:

- Det er teke høgde for at det er val i hhv. 2021 og 2023, med 100`.
- Det er gjort innsparingar i bl.a.kurs, reiseutgifter og diverse kostnader under rådmann/stab (ca 100`), men auke i avgifter, lisensar og gebyr mv. et opp innsparinga.
- Interne finanstransaksjoner; pensjon premieavvik, her er det nedgang inntekt på ca 4.000` frå 2020 til 2021. Pensjonskostnaden ute på tenesteområda er redusert tilsvarande, og pensjon samla sett for kommunen er ikkje endra i særleg grad frå 2020 til 2021, kun samansetjinga av betalt pensjonspremie og premieavvik.
- Det er og gjort teknisk flytting av kostnader som tidlegare har vore internfakturert til andre tenesteområde, totalt ca. 900`, samt IKT-kostnader på ca. kr 5.900`.
- IKT-kostnader frå IKT Valdres er frå 2021 budsjettert på eige ansvarsområde under rådmann - stab og fordelt på ulike Kostra-funksjonar. Tidlegare har dette vore fordelt på både på ansvar og funksjon til dei ulike tenesteområda (ca 5.900`), men det er arbeidskrevjande å få denne modellen til å fungere godt for tenesteområda. Rådmannen vil vurdere nærare i 2021 kva grad IKT-kostnadane skal fordelast til ulike ansvar i regnskap og budsjett.

### Innsparingstiltak

#### Reduksjon folkevaldgodtgjersle 100'

Reduksjon folkevaldgodtgjersle 100'.

#### Straum egne bygg prisreduksjon

Grunna fall i straumprisar i 2020 og forventning framover, er straumbudsjettet teke ned med 1.000` i komande økonomiplanperiode. Praxis har vore, og er fortsatt, å halde straumpris ut til tenestene på eit javnt prisnivå, for å enklare kunne analysere endringar i forbrukt mengde straum. Redusert pris er difor budsjettert sentralt under rådmannen.

#### Uspesifisert innsparing 2023-2024 til seinare fordeling

I arbeidet med økonomiplanen for 2021-2024 har det viset seg det større behov for effektivisering / innsparing enn det kommunen per dato har konkretisert på dei ulike kommunalområde. Saldering av budsjettet for 2023 og 2024 er gjort ved å leggje inn uspesifisert innsparing på hhv. 1.198` og 1.362` under rådmannens område. Innsparinga vil bli nærare vurdert, konkretisert og fordelt i løpet av 2021.

### Nye tiltak

#### Innkreving regelendringar - reduserte gebyrinntekter

Purregebyr blir halvert etter regelverket fom 1.10.2020. Dette er ikkje regulert ned i budsjettet tidlegare. Inntektene er og for høgt budsjettert frå tidlegare. Budsjetterte inntekter er derfor teke ned med 100` kvart år.

#### Kraft prisreduksjon

På grunn av sterkt fallande prisar i 2020, vart budsjettet for kraftomsetning teke ned med 5.700` i samband med 1.tertialrapporten for 2020. For 2021 viser prognose frå kommunens forvaltar Ishavskraft

## Økonomiplan for 2021-2024

ytterlegare nedgang i kraftprisar. Vi har lagt deira prognose til grunn i økonomiplanen for 2021-2024. I forhold til budsjett 2020 er det budsjettert ned med 7.350` i 2021, og ned 6.500` i 2022-2024.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på enhet (tabell)

Beløp i 1000	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Politisk leiing og kontrollorgan	2 454	3 000	2 804	2 804	2 804	2 804
Rådmannen felles	5 142	4 635	3 934	3 934	2 736	2 572
Stab	8 967	9 265	16 598	16 498	16 598	16 498
Kraftforvaltning	-17 456	-16 404	-9 972	-11 088	-11 088	-11 088
Ramme og skatt	-223 816	-234 537	-242 959	-242 540	-242 537	-243 185
Renter og avdrag	11 622	21 743	22 402	24 904	28 224	32 325
Interne finanstransaksjoner	2 485	-9 644	-6 911	-3 746	-3 840	-4 039
<b>Sum</b>	<b>-210 603</b>	<b>-221 942</b>	<b>-214 104</b>	<b>-209 234</b>	<b>-207 102</b>	<b>-204 113</b>

## Opplæring og kultur

### Analyse og utfordringar

#### 1. Demografiutfordringar

Tabellen viser at tal på barn i barnehagealder og i grunnskulealder går ned fram til 2045. Nedgangen er særleg stor for barn i grunnskulealder.

	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 - åringer	33	27	26	26	26	25
Barnehage (1-5 år)	149	149	138	136	137	133
Grunnskole (6-15 år)	350	326	302	291	281	282

Barnehagane har bygningsmessig kapasitet til eit årleg barnetal på 32-33 barn. Slik sett vil noverande kapasitet vere tilstrekkeleg i åra framover. Dagens barnehagekapasitet er på 110+55+36=201 plasser, og 207 om Heggebø får utvida til 42 plasser. Dei siste 6 år er det i gjennomsnitt født 30 barn. 30 barn krev ein kapasitet på 210 plasser. Det føreset opptak til barnehage iht. barnehagelova (dvs. rett til plass i august eller seinere det året barnet fyller 1 år).

Skulane er samla sett dimensjonert for å handtere fleire enn det talet på barn denne framskrivinga viser. Med to relativt like barneskuler nord og sør i kommunen vil busettingsmønsteret avgjere om skulane ligg der folk etter kvart buset seg. Dei barna som går i barnehagane i dag bur slik til at Rogne skule vil ha større elevtal enn Lidar framover.

For kulturfeltet vil endringa i talet eldre vere den faktoren som i størst grad vil utfordre vårt tilbod. Omfang på kulturskule følgje tal barn i kulturskulealder medan øvrig kulturtilbod skal favne alle aldersgrupper.

Flyktningarbeidet er avhengig av tal på nye busette. Kommunen vil busette 10 nye flyktningar i 2020 (7 barn og 3 vaksne). Det er lagt til grunn at kommunen skal ta i mot minst 10 flyktningar pr år også i åra som kjem.

## 2. Endringar i nasjonal politikk

Barnehagelova har fått ei ny føresegn om barnehagemiljøet på lik linje med opplæringslova.

Skuleåret 2020-2021 er det innført revidert læreplan. Arbeidet med læreplan og fagfornyng har prega skulane sitt utviklingsarbeid dei siste åra. Dette arbeidet vil også dei neste åra ha høg prioritet.

Frå og med skuleåret 20/21 er det innført ei ordning som skal hjelpe barn frå familiar med låg inntekt i å nytte skulefritidsordninga. Ingen skal betale meir enn på 6,6% av total inntekt i hushaldninga for SFO-tilbodet. Tilbodet gjeld fyrste året for 1. og 2.trinn. Ordninga er foreslege utvida til 3. og 4.trinn skuleåret 21/22. Ordninga vil gjelde få familiar i Øystre Slidre, sidan SFO-prisen i kommunen er låg.

## Kvalitetsvurdering

### Barnehage

Foreldreundersøkingar og medarbeidarundersøkingar vert gjennomført annakvart år. Neste gong skulle vore i 2020. Denne er utsett pga korona.

Internt tilsyn vert gjennomført kvart anna år. Neste gong er barnehageåret 2020-21. Ved internt tilsyn vil vi samarbeide med nabokommunar, slik at kommunen sjølv ikkje treng opptre både i tilsynsrolla og barnehageeigarrolla.

### Skule

Elevundersøkinga vert gjennomført kvart år for 7.og 10.trinn. Resultata frå denne undersøkinga vert lagt fram i tilstandsrapport for grunnskulen. Det er planlagt gjennomført foreldreundersøking i år. Medarbeidarundersøkingar vert gjennomført annakvart år. Neste gong skulle vore gjennomført i 2020, men vart utsett pga korona.

ROS-analyser vert gjennomført kvart år på skulane.

### Kultur/kulturskule

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

### Flyktingtenesta

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

## Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	686	647	581	495
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud	476	365	595	880
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 862	1 937	2 672	2 549
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	27,3 %	26,0 %	22,2 %	23,0 %
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	17 864,1	18 423,7	16 177,5	14 340,2
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,8 %	2,7 %	3,7 %	4,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B)	239	144	247	234
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B)	80	84	140	185
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B)	340	370	399	305
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	147 923,0	170 268,0	168 443,0	163 207,0
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	116 578,3	121 551,4	110 528,4	93 465,8
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	5 823	6 249	4 416	2 682
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	5 296,6	3 451,9	5 528,8	4 875,3
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,5 %	1,4 %	1,1 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	4,0 %	3,9 %	2,5 %	2,7 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,8 %	0,8 %	0,5 %	0,3 %
<b>Produktivitet</b>				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen	1 457	1 758	1 648	1 348
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	151 443	166 989	148 889	126 222
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	17,1 %	8,3 %	2,0 %	3,2 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i b	17,4 %	17,8 %	16,2 %	20,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,3 %	3,7 %	9,2 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	3,2 %	2,3 %	3,4 %	4,9 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	82,1 %	84,6 %	81,2 %	83,0 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	16,4 %	17,7 %	18,4 %	17,5 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	70,6 %	80,6 %	74,0 %	75,0 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	52,9 %	77,4 %	68,3 %	68,7 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,8	6,0	3,4	2,9

## Økonomiplan for 2021-2024

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Kvalitet</b>				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	41,8 %	42,2 %	42,3 %	41,5 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,4	94,8		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,8		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	42,8	39,7	41,5	41,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,0	10,4	10,9	12,9

Øystre Slidre kommune sin bruk av midlar på kulturområdet kan ikkje direkte samanliknast med andre kommunar. Ein del midlar er i grenselandet kultur og næringsstøtte. Ikkje alle desse midlane kjem til syne i kulturindikatorane. Kulturskulen nyttar mykje midlar pr barn i kulturskulealder samanlikna med kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Orsaka ligg truleg i ein svært høg del barn som nyttar kulturskuletilbodet. Denne delen ligg langt over samanliknbare kommunar.

Det kan sjå ut til at Øystre Slidre nyttar lite midler til aktivitetstilbod for barn og unge samanlikna med kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Kommunen har eit breitt kulturskuletilbod og eit breitt kludd- og ungdomstilbod. Idrettslaga har relativt mange tilbod til barn og unge. Det er difor ikkje lett å sjå at kommunen sin låge bruk av midler i forhold til kostragruppe 2 og landet utan Oslo betyr at barn og unge har få val av aktivitetar.

Kommunen har ei bibliotekteneste med høgt utlån. Ressursbruken pr innbyggjar ligg på eit nivå mellom kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Tala i samanheng kan lesast slik at Øystre Slidre kommune har ei kostnadseffektiv bibliotekteneste.

Kommunen har tidlegare år nytta midlar på sine barnehagar pr barn på nivå med kommunane i kostragruppe 2. I 2018 hadde kommunen ein lågare kostnad enn kostragruppe 2. Kommunen er i 2019 på nivå med kostragruppe 2 igjen. Pedagogdekninga ligg på den norm som er fastsett i barnehagelova og er på line med kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Kommunen har hatt ei gledeleg auke i del barn med minoritetsbakgrunn med barnehageplass dei siste åra. Denne auken har halde fram også i 2019.

Skulene i kommunen har eit høgare kostnadsnivå enn kostragruppe 2 og betydeleg høgare enn i landet utan Oslo. Ein del av forklaringa ligg truleg i lærartettleik. Lærartettleik blir i kostra vist gjennom gjennomsnittleg gruppestørleik. Gjennomsnittleg gruppestørleik syner litt grovt sett kor mange elevar pr lærar skulen har. Her er all undervisning tatt med både ordinær undervisning og spesialundervisning, Gjennomsnittleg gruppestørleik i Øystre Slidre er på 10,9 medan tilsvarende tal for landet utan Oslo ligg på 12,9. Lærartettleiken bidreg truleg også til at skulane i kommunen har ein lågare del elevar med spesialundervisning enn kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Kommunen har ein litt større andel av brutto driftsutgifter på skuleområdet som går til lokaler og skyss enn kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Avgangselevane på ØSUS scora lågare enn landet på gjennomsnittleg grunnskulepoeng i 2019.

## Delmål

### Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

### Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompentansen.

Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.

Opplæring og kultur: Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.

Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.

Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.

Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.

Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.

## Nye tiltak og innsparinger oversikt

Dei viktigaste nye tiltak og innsparingar er omtalt nedanfor.

For øvrig kommenterer vi at:

- Elevar frå andre kommuner medfører auka kostnader med 350` årleg.
- Elevar i skule i andre kommunar medfører ca 200`i reduserte kostnader årleg.
- Enkelte kostnader som tidlegare har vore internfakturert frå stab og tekniske tenester frå 2021 har vorte innarbeida i budsjettet til desse tenestene.
- Flyktningar:
  - Det er lagt inn føresetnad om busetting av 10 nye flyktningar kvart år i økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn at dei 10 flyktningane består av 4 vaksne og 6 barn. Samansetninga er basert på kommune sitt ynskje om å ta i mot familiar.
  - Kommunen og Valdres har eit næringsliv som truleg kan ta innover seg eit større flyktingetal. Flyktingetenesta har utvikla god kompetanse og kommunen har eit godt samarbeid med NAV på området. Kommunen kan difor ta i mot 20 flyktningar kvart år framover.

## Innsparingstiltak

### Andre trussamfunn støtte flytta til staten frå 2021

Frå 2021 er ansvaret for å utbetale tilskot til andre trussamfunn flytta frå kommune til stat. Rammetilskotet er redusert som følge av dette, og vi har redusert budsjetterte utgifter med 65` årleg.

### Bortfall kultur-SFO

Kulturskulelærer har bidrege som ei styrking av SFO-tilbodet ein dag pr veke på begge barneskuler gjennom året. Tiltaket blir teke ut som eit innsparingstiltak, med kr 120` årleg.

### **Bortfall musikkbarnehage**

Musikkbarnehage er eit kjærkomment tiltak i barnehagane. Det er likevel slik at tiltaket kan takast ut utan store konsekvensar for barna og barnehageverksemda. Budsjettert innsparing 86` årleg.

### **Kommunal andel - spelemidlar**

I budsjettet har det over år vore ein pott midlar som kommunal andel knytt til spelemiddeltiltak i kommunen. Det er ikkje eit krav i spelemiddelordninga med kommunal del, og avsetjing til dette formålet blir teke ut av budsjettet, kr 316` årleg.

### **Kommunalt bidrag til Den kulturelle skulesekken (DKS)**

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er kun statlege overføringar. Når det gjeld Den kulturelle skulesekken (DKS) så brukar vi litt kommunale midlar. Dette er i hovudsak kjøp av god produksjonar av Valdres folkemuseum og eit viktig kulturarv-tilbod til elevane i grunnskulen. Dei kommunale midlane blir foreslege tatt vekk.

### **Matinnkjøp i barnehagene**

Matsservering i barnehagane er teke ut av budsjettet for 2021 grunna covid-19. Konsekvensen av tiltaket er også bortfall av eigenbetaling for tilbodet. Postane går omtrent opp i opp.

### **Reduksjon - tilskot lag og foreningar**

Midler avsett til tilskot til lag og foreningar blir redusert med 60'. Kommunen har relativt romslege tilskotsordningar til lag og foreningar.

### **Redusert bemanning grunnskule**

Skulene i Øystre Slidre kommune har høg lærartettleik. Det er lagt inn forslag om reduksjon av totalt 4 årsverk for delt slik på dei tre skulene:

- 2,5 årsverk ØSUS
- 1,0 årsverk Lidar skule
- 0,5 årsverk Rogne skule

Skulene vil fortsatt ligge med lærertettleik over normen etter reduksjonen, men vil legge press på den daglege drifta i skulene ved sjukefravær og anna som dukkar opp gjennom skuleåret. Andre forhold som vil bli drøfta er:

- Antal undervisningstimar på barnesteget (vi ligg over lovkravet pr i dag)
- Delingstimar til f.eks. mat og helse/kunst og handverk
- Antal timar til tidleg innsats
- Antal timar til leksehjelp.
- Tidsressurs til IKT-kontakt
- Vikartimar med pedagog.
- Samlingsstyrarressurs
- Sosillærer- og rådgjevarressurs
- Flytting av ressursar til andre skular eller barnehagar

Budsjetterte utgifter er redusert med 1.525` for 2021 (ca. halvtårseffekt), og 2.542` for 2022 og vidare.

### Redusert ungdomsarbeidar 10%

Redusert stilling ungdomsarbeidar med 10%, budsjettetert reduksjon i utgifter med 53` årleg.

### Nye tiltak

#### Foreldrebetaling SFO

Færre barn, inntekta er teke ned med 190` årleg.

#### Frivilligsentralen finansiering frå ramme til øymerka 2021-

Budsjetterte utgifter er redusert med 427` årleg som følge av at frivilligsentralen er teke ut frå rammetilskot til kommunen, og i stader blir finansiert direkte ved øymerka tilskot.

#### Heggebø friluftsbarnhage

Auka barnetal.

#### Heggebø friluftsbarnhage oppdat 2021

Heggebø er forventa å få eit langt større barnetal enn i inneverande år og auke til spesialpedagogisk tiltak. Budsjettert kostnad er auka med ca kr 1.050` til 4.500` årleg.

#### Materiell fagfornyelse

Materiell fagfornyng er sterkt ønska frå skulesektoren, og det er lagt inn auke med 50` årleg.

#### PPT

PPT auka med 100` årleg, basert på budsjett for tenesta.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på enhet (tabell)

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Felles opplæring og kultur	9 151	9 537	6 135	6 135	6 135	6 135
ØSUS	14 933	16 721	13 685	13 044	13 044	13 044
Rogne skule	13 494	14 087	12 918	12 746	12 746	12 746
Lidar skule	12 846	13 683	13 622	13 145	13 145	13 145
Tingvang barnehage	4 253	4 102	-90	-90	-90	-90
Rogne barnehage	7 942	7 719	10 216	10 186	10 186	10 186
Beito barnehage	5 608	6 523	4 325	4 350	4 350	4 350
Private barnehager	0	0	4 501	4 501	4 501	4 501
Kulturavdelinga	10 064	10 143	8 832	8 832	8 832	8 832
Flyktningetenesta	-1 611	5 431	5 825	7 839	9 414	9 414
<b>Sum</b>	<b>76 678</b>	<b>87 944</b>	<b>79 969</b>	<b>80 688</b>	<b>82 263</b>	<b>82 263</b>

## Helse og omsorg

### Analyse og utfordringar

#### 1. Demografisk utvikling

Tabellen under syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80- 89 år i åra som kjem, og mindre utslag når det gjeld dei andre gruppene. Tidlegare har ein stor del av aldersgruppa 80+ hatt vedtak om tenester på det høgste nivået (institusjonsplass) i tenestetrappa vår. Utviklinga dei siste åra viser at dette er i endring, i 2017 hadde 17,6% av dei over 80 år tilbod om sjukeheimplass, i 2018 hadde 16,3% dette tilbodet. Vi ser ein trend som viser at gruppa 0-60 år i større grad enn tidlegare mottok heimetenester. I 2017 hadde 23,9% i denne gruppa heimetenester, mot 27,1% i 2018. Det er og slik at heimetenester til denne aldersgruppa ofte er omfattande tiltak og står for ein stor del av dei totale utgiftene til helse- og omsorg.

Vi kan forvente at fleire av dei eldste innbygarane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen og vi vil dreie innsatsen mot denne tenesta. Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi effekt av auka fokus på førebyggjande tiltak, og at vi difor vil klare oss lenger i eigen heim. Det betyr at dei som er aktuelle for sjukeheimplass vil ha lågt funksjonsnivå, og ha trong for omfattande tenester.

Statistikken syner at det er om lag 85 000 eldre med demens i Norge i dag. Prognoser fram mot år 2034 tilseier at dette talet vil auke med om lag 80-90%. For Øystre Slidre sin del kan dette bety at vi har om lag 80-90 eldre med demens i utgangen av neste 15- årsperiode. Mellom 80-90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, i omsorgsbustader eller i sjukeheim. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld nok kapasitet, og kompetanse.

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
Eldre (67-79 år)	486	498	478	507	556	596
Eldre (80-89 år)	114	164	234	267	264	244
Eldre (90 år og eldre)	33	28	29	49	68	78

#### 2. Nasjonale utviklingstrekk

##### Satsing på E-helse

###### E-resept

Dette er ei nasjonal løysning for elektronisk samhandling i helsetjenesta. E-resept gjer tryggare legemiddelbruk og færre feil ved forskrivningar og utlevering. Det har vore ei jevn auke i bruken av e-resept sidan innføringa i 2011. I desember 2019 var 93,4% av alle utleverte pakningar med legemidler e-resept.

###### Kjernejournal

Kjernejournal er ei elektronisk løysing som samlar helseopplysningar for pasientar i Norge, og gjer helsepersonell tilgang til opplysningane, uavhengig av behandlingsstad. Alle landets 5,3 millioner innbygarar har kjernejournal, og ved utgangen av 2019 har 2,5 millioner av desse opna og sett sin kjernejournal

### **Covid-19**

Vi kjem i stor grad til å måtte tilpasse tenestane våre etter utviklinga av covid-19 pandemien også i 2021. Langtidsverknadene ser vi ikkje enno, men det er grunn til å rekne med større merksemd om smittsame sjukdomar i alle delar av samfunnet og særleg innan helse og omsorgstenestene . Omfanget av lokale sjølvstyret kan bli redusert.

### **Ny barnevernlov**

Føremålet med den nye lova er å sette barna sine behov i sentrum, bidra til betre fagleg arbeid og styrke rettstryggleiken for barn og foreldre. Gjeldane barnevernlov er over 25 år gammal, og det er behov for ei meir tilgjengelig lov som speglar samfunnet slik det er i dag. Her er nokre døme på igangsette tiltak etter ny barnevernlov:

- **Innføring av samtaleprosess.**  
Bruk av samtaleprosess kan senke konfliktnivået mellom barneverntenesta og foreldra og bidra til mindre bruk av tvangsvedtak. Færre tvangsvedtak er i samsvar med prinsippet om minst inngrep og retten til familieliv. Ved å innføre dette som ei varig ordning i fylkesnemndane meiner regjeringa det vil skape meir tryggleik for barnet, og færre tyngande rettsprosessar.
- **Auka aldersgrense for rett til ettervern frå 23 år til 25 år.**  
Med ei grense opp til 25 år for ettervern, vil færre som har opplevd omsorgssvikt falle utenfor som unge vaksne. Det er sett av 24 mill. innafor rammetilskotet til dette formålet i statsbudsjettet for 2021.
- **Innføring av krav om årleg tilstandsrapportering til kommunestyret.**  
Årleg krav om tilstandsrapportering frå barneverntenesta gjer at kommunen jevnlig må vurdere om kvaliteten ved barnevernstenesten er god nok.

Det er delt ikraftsetting av lova. Rett til ettervern fram til fylte 25 år krever auka løyvingar til kommunane, og regjeringa vil komme tilbake til det når denne endringa vil tre i kraft. Dei andre endringane vil vera trått i kraft i 2021.

### **Kompetanseløft for kommunane si legeteneste**

Stortinget har gjort vedtak om at alle legar i kommunehelsetenesta skal være spesialistar i allmenntmedisin, samtidig som sjølvne spesialistutdanninga er lagt om. Kommunane vil få eit betydeleg større ansvar for å planlegge og tilrettelegge for spesialistutdanninga i allmenntmedisin.

## **3. Lokale utviklingstrekk og utfordringar**

Vi skal ta i bruk det nye Helsetunet frå nyttår 2021. Det blir ei stor utfordring å lande alle prosessar og som skal leie til at overgangen mellom gammalt og nytt bygg skal gå mest mogeleg smertefritt. Det er mykje nytt utstyr som skal lærast og erfarast, og vi skal sikte mot å kunne ta ut mest mogeleg av dei positive effektane eit nytt bygg kan gje.

Koronapandemien har utfordra oss, mykje fordi vi har måtte avsette betydeleg kapasitet til å lage rutiner, prosedyrer og planer, i tillegg til å skaffe nok smittevernustyr til å bygge beredskapslager. Vi har m.a. etablert kapasitet for å huse heimebuande smitta som vil ha behov for tyngre pleie og omsorg, men kapasiteten er svært begrensa.

Vi ser at nyutdanna legar vektlegg det å ha føreseieleg inntekt, sleppe driftsansvar, løn under sjukdom og ikkje minst å kunne ta ferie i betydeleg større grad enn tidlegare. Norma for listelengde nasjonalt er sterkt fallande og er no på mellom 600 og 700 pasientar på fastlegelistene. Vi har to legar som har 1200

på sine lister og den tredje har 900. Vi må vurdere kva som bidreg til god rekruttering og ei fortsatt stabil legeteneste framover.

## Kvalitetsvurdering

Helse og omsorgstenestane i Øystre Slidre kommune gjennomfører systematiske brukar- og pårørandeundersøkingar annan kvart år for å få eit bilete på korleis tenestane vår blir opplevd av brukarane. I tillegg utfører vi medarbeidarundersøkingar, der dei tilsette har høve til å gje uttrykk for korleis dei opplever sin arbeidskvardag. Vi hadde planer om å gjennomføre medarbeider, bruker og pårørandeundersøkingar i 2020, men grunna koronapandemien er dette utsett.

## Tilsyn

Helse og omsorgstenestane har hatt tre tilsyn som starta i 2019 i regi av Fylkesmannen i Innlandet. To av desse er lukka i 2020, og det tredje er under arbeid for lukking. Tilsynsfunn og vurderingar rundt desse er ein god indikator på kvaliteten på tenesta. Vi har gjennom tilsynsprosessane fått mykje god veiledning og læring, og sjølv om det vart påvist avvik er Fylkesmannen tydeleg i sin tilbakemelding på at vi har gjennomgåande høg kvalitet på PLO-tenestane våre.

## Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	404 389	452 833	214 867	218 131
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	12 152	13 428	12 288	10 891
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)	20 580	24 836	25 403	20 203
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	31,5 %	35,1 %	34,9 %	32,4 %
<b>Produktivitet</b>				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	10,0	12,3	16,4	18,6
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	49 575	53 015	37 436	49 860
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	285 127	302 615	270 776	286 026
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	993 400	1 032 400	1 173 466	1 274 516
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 051	3 811	3 852	3 842
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,2 %	2,5 %	3,7 %	3,0 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	2,3 %	3,3 %	4,3 %	4,8 %
<b>Kvalitet</b>				
Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	78,7 %	80,1 %	79,0 %	77,7 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	99,3 %	98,2 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 113,0	1 110,0	985,0	1 156,0

## Økonomiplan for 2021-2024

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Kommunekasse</b>				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	37,4 %	37,6 %	28,1 %	33,2 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse)	2 932	3 239	3 208	2 112
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse)	2 303	2 360	3 280	2 910
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse)	200	277	211	247
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse)	3 647	4 039	4 192	3 083

Vi ser ei betydeleg utgiftauke til pleie-og omsorgstenestane. 2019 var eit år utanom det vanlege fordi vi fekk fleire tunge tiltak som måtte etablerast for å kunne stille opp med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. To av desse tiltaka må vidareførast i 2021. Det er forventa ein ytterlegare vekst i utgiftene i takt med at vi rekneskapsfører kapitalutgifter til Helsetunet.

Det er ei markant auke i utgiftene i barnevernet. Dette skuldast at kommunen har ei sterk auke i talet på undersøkingar, og at mange av desse ender i omsorgovertaking og plassering i forsterheimar. Dette bidreg og til at utgiftene til sakkundige og konsulentar aukar i takt med talet på plasseringar.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er auka litt frå året før.

Utviklinga viser at vi etter å hatt ein topp i behov for sjukeheimesplasser dei siste 4-5 åra no ser ein lågare etterspurnad. Dette er også eit resultat av vi har styrt innsatsen noko meir mot heimebaserte tenester for at brukaren kan bu heime så lenge dei føler det trygt.

Vi er på rett veg når det gjeld årsverk med helsefagleg utdanning, og vi ligg no på 80,1%. Dette er godt over kommunegruppe over landet.

Legane våre har mange pasientar på sine lister om ein samanliknar med kommunegruppa.

## Delmål

### Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

### Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan

Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning

Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal mestre eget liv.

Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.

Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.

Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.

## Innsparingstiltak

### Bortfall vaskeriteneste

Frå nyttår 20/21 starter vi opp vaskeriet på Helsetunet og skal vaske alt der. Det betyr at vi har sagt opp avtala med Valdres arbeidssenter som har vaska deler av tøyet vårt. Det er teke ut budsjetterte kostnader på 100` årleg.

### Justering barnevern når barn ikkje er plassert av barnevernet

Budsjettet er nedjustert med 226` årleg for barnevern når barn ikkje er plassert av barnevernet.

### Justering VLMS

Budsjettet for VLMS Eiendom IKS er oppjustert med 115` årleg basert på budsjett frå tenesta.

### Reduksjon i inventar og utstyr jf KS78-20

Det vart i KS 78-20 vedteke å kutte 100`i løyvingar til varer og tenester for å finansiere deler av auken kommunetyret gjorde til nattvakt ved helsetunet.

### Redusert nattvakt 178% still frå 1. juli 2021

Etter mykje satsing på velferdsteknologi dei siste par åra og investeringar i nytt helsetun, blir behovet for nattvakt redusert. Det er lagt til grunn i budsjettet at vi kan starte å ta ut effekten av dette frå 2.halvår 2021, og reduserer kvilande nattvakt. Det utgjør ei innsparing på ca kr 400` i 2021 (halve året) og 800` årleg frå 2022.

### Redusert psykisk helse 2021

Det er i samband med vakanse i deler av 2021 budsjettert med ein reduksjon i lønn innan psykisk helse med 279`.

## Nye tiltak

### Auka fast bemanning nytt omsorgstun og innsparing i ekstrahjelp og overtid

Det er budsjettert med auka fast bemanning i nytt helsetun, med nær 2.000` årleg. Det er samtidig budsjettert med innsparing i ekstrahjelp og overtid, med ca 2.178` for 2021, og 3.221` i 2022 og vidare. Netto effekten er innsparing med 210` i 2021 og 1.253` årleg frå 2022.

### Digisos

Digisos er ein funksjonalitet som bidreg til at innbyggjarane kan søkje om yting til livsopphald i NAV via internett. Det er særleg viktig å sleppe å møte opp på NAV under epidemien covid-19. Budsjettert med 55` årleg.

### Leiarressurs rehabilitering

Leiarressurs rehabilitering auka med 139` årleg.

### Vidareføring prosjekt A og B

Prosjekt A og B kom i stand i 2019 då vi fekk eit akutt tenestebehov som låg utanfor det vi klarte å stille opp med for å gje eit tilpassa tilbod både i mengde og spesialiseringsnivå. Vi hadde planar om å kunne ta brukarane attende til kommunen i 2020. Situasjonen med covid-19 har ført til at vi ikkje har sett

mogeleghet for å etablere eit forsterka tilbod i kommunen i 2020 eller 2021. Tiltaka er difor vidareført i 2021 med 1.629`

## Driftsbudsjett

### Fordeling på enhet (tabell)

Beløp i 1000	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Felles helse og omsorg	20 556	20 254	24 630	24 630	24 630	24 630
Helseavdelinga	17 382	18 228	14 359	14 638	14 638	14 638
IHT	53 699	51 183	48 708	45 556	45 556	45 556
Miljøtenesta	13 754	14 273	15 607	15 607	15 607	15 607
<b>Sum</b>	<b>105 391</b>	<b>103 938</b>	<b>103 304</b>	<b>100 430</b>	<b>100 430</b>	<b>100 430</b>

## Tekniske tenester

### Analyse og utfordringar

Vi vil etter SSB sine prognosar ha følgjande folketalsutvikling i kommunen:

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
Tal innbyggjarar	3 208	3 273	3 331	3 380	3 439	3 544
Endring i høve 2019		65	123	172	231	336

Auka folketal vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggesaker m.v.. Folketalsutviklinga er svak veksande med i gjennomsnitt 0,4% i året.

For kommunen vil utvikling i deltidsinnbyggjarar i minst like stor grad som innbyggjarar påverka behovet for planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur. I dei seinare åra har det årleg blitt gjeve bruksløyve/ferdigattest til 50 – 60 fritidseigedomar. I tillegg kjem ei rekkje leilegheiter.

Generelt har kommunen hatt lågare kapasitet på planlegging og utbygging av veg, vatn og avløp enn det som er ønskja frå utbyggarar. Sjølv om VA-planen er ny, har vi ikkje vore i stand til å gjennomføre tiltaka i planen. VA-planen skal reviderast i 2021, med sikte på å få ein betre samanheng mellom innhald i plan og kapasitet for gjennomføring av planen.

### Næring, plan og byggsak

#### Næring

Innføring av eigedomsskatt har gitt kommunen musklar til ei betydeleg satsing på næringsområdet. Utviklinga med ei meir målretta sentrumsutvikling i samarbeid med private aktørar har gitt gode resultat, og vi vil gå vidare med dette arbeidet. Vi har lagt opp til ei betydeleg satsing på landbruk ved å forsterke eksisterande BU-ordning. Utarbeiding av kommunal beitebruksplan er planlagd i 2021, på

bakgrunn eit kunnskapsgrunnlag frå Nibio. Gjennom prosjektet «Nasjonalt senter for fjellandbruk - Løken» er målet å ta ein nasjonal posisjon på fjellandbruk og auke talet på kompetansearbeidsplassar. Vi har etablert næringsklynge Klima+. Tett oppfølging er eit stikkord for å lykkast med begge prosjekta. Ny samfunnsdel av kommuneplanen med eige kapittel om næringsutvikling og innovasjon vil målrette det samla næringsarbeidet.

### Plan

Vi vil revidere arealdelen av kommuneplanen, inkl kommunedelplanane for Beitostølen og Gravfjellet, på bakgrunn av samfunndelen av kommuneplanen. Områdeplanen for Størrtjednlie er i prosess og planen vil gje rom for stor byggeverksemd i åra som kjem. Vi har i 2020 gjennomført mogelegheitsstudiet for Heggenes - Tingvang, og denne vil bli følgd opp med ein reguleringsplan for Heggenes sentrum - Furustand.

### Byggsak, oppmåling og spreidd avløp

Vi har gjort nokre grep for å senka sakshandsamingstida for byggesak. Vi har gode rutinar og kapasitet innan oppmåling og ein status i høve matrikkelen dei fleste kommunane vil misunne oss.

## **Teknisk drift**

### Vatn og avløp

Vi har tilsyn frå fylkesmannen og Mattilsynet og vi gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Vi får få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som kan tyde på god kvalitet. I internkontrollen har vi laga Ros-analysar og ei rekke prosedyrar. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir full tilgjenge for publikum.

Vi har vore og er ambisiøse på VA-området. Dette har vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining. Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har vist kostnader til privat stikkleidning på kring 250 000.

### FDV

Vi har jamleg branntilsyn og ved avvik retter vi dette med ein gong. Vi har investert i eit FDV system der vi som byggeigar har etter kvart full oversikt og kontroll med dokumentasjon, aktiviteter og avvik på bygga. Sjølv om bygga er nye, så er det mykje «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Vi har og eldre bygg som treng vedlikehald og behov for rehabilitering.

### Veg

Vi er i gang med plan for asfaltering av kommunale vegar framover. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade kan medføre høgare driftsutgifter ved vårløysinga og på hausten.

## Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2018	Øystre Slidre 2019	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	23,1	24,5	16,5	16,9
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 096	1 348	1 531	1 641
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	150 963	147 714	105 093	147 655
<b>Produktivitet</b>				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	4 675	7 282		1 356
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	4 660	4 660	4 645	4 142
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	10	8	24	26
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	5 535	7 286		1 166
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 920	2 920	4 419	3 749
<b>Dekningsgrad</b>				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste	43,2 %	43,2 %		83,6 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	21,6 %	21,6 %		82,6 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	62,1 %	62,1 %		86,1 %
Vann - Andel av husholdningsabonnentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		40,8 %
<b>Kvalitet</b>				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	520	540	538	468
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr)	9 400	9 800	13 039	14 919
<b>Andre nøkkeltall</b>				
Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern	131	129	163	171
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern	306	295	205	199
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	178	175	143	130
<b>Kommunekasse</b>				
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse)	1 874	1 918	189	144
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse)	496	598	448	131

Vi har høgare utgifter til drift av kommunal veg pr. km enn både kostragruppa og landet. Dette kan skuldast høgare utgifter til brøyting og strøing.

Sakshandsamingstid på byggesaker er kort i høve kostragruppa og landet. Dette er svært positivt for å sikre aktiviteten i bryggebransjen. Byggesaksgebyret for einebustad ligg langt under både gruppa og landet.

Vi har årsgebyr innan vatn og avløp som ligg på eller under snittet. Vi har lågare del av innbyggjarane som er knytt til offentleg nett, men høgare bruk av vassmålar enn landsgjennomsnittet.

## Økonomiplan for 2021-2024

Når det gjeld tilrettelegging og bistand for næringsliv og landbruk, ligg kommunen over kostragruppa og landet. Dette skuldast at ein i samband med innføring av eigedomsskatten gjorde vedtak om å nytte delar av eigedomsskattinntektene til nærings- og utviklingsformål.

### Delmål

#### Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

#### Delmål

Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.

Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.

Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år.

Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.

Tekniske tenester: Vi skal ha ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker som er under gjennomsnittet i landet.

Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.

Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.

Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.

Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.

Tekniske tenester: Kommunen skal vedta beitebruksplan.

Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.

Tekniske tenester: Vi skal etablere ein næringsklynge i bankbygget.

Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.

Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere Nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard.

Tekniske tenester: Vi skal revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.

Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.

### Nye tiltak og innsparinger oversikt

Dei viktigaste nye tiltak og innsparingar er omtala nedanfor.

## Innsparingstiltak

### Auke betalingsattsar byggesak

Gebyrsattsane på områda byggesak, plan og oppmåling er auka for å få betre kostnadsdekning på desse sjølvkostområda. Samstundes er gebyra på området omarbeida for forenkla og meir logisk samheng mellom gebyra for ulike type bygg, jf. vedlagte betalingshefte. Med same aktivitet som i 2020 medfører gebyrauken ca. kr 600` i auka inntekt, i forhold til revidert budsjett for 2020.

### Auke i leigeinntekter - omsorgsbustader i nytt helsetun

Pris i betalingsheftet for 2021 er:

- For omsorgsbustader i nytt helsetun kr 11.000 inkl. straum og reinhald 1 gong per veke. Det utgjær ca 100` i inntektsauke per år i forhold til dei 10.000 per månad som vart budsjettet opprinneleg.
- For andre kommunale omsorgsbustader og bustader, ein gjengs leigepris som blir vedtekeken og innarbeidd etter fristar i husleigelov mv. I budsjettet for 2021 og 2022 er det estimert ein mindre inntektsauke (hhv. 100` og 250`). Tiltaket vil gje ein heilårsverknad rekna til 500` frå 2023.

### Innsparing vedlikehald bygg

Det er mogleg å ta ned budsjettet til vedlikehald av bygningsmasse med kr 750` årleg i økonomiplanperioden. Kommunen har ikkje nytta heile vedlikehaldsbudsjettet tidlegare år. Difor er vurderinga at nedtaket ikkje får vesentlege konsekvensar for verdiforringing av eigedomsmassen desse åra.

### Øyremerka tilskot til Klima+ næringsklynga innhaldsutvikling

Kommunen har fått tilsagn om midler til Klima+ næringsklynga - innhaldsutvikling mv., totalt kr 1.500`, som skal benyttast og rapporterast for 2021 og 2022 med hhv. 750` per år. Dette er lagt inn i økonomiplanen for 2021 og 2022.

## Nye tiltak

### Bruk disposisjonsfond eigedomsskatt løn Næringsklynga 2021-

Det er tilsett ei ansvarleg for næringsklynga Klima+, som skal ha ansvar for tiltaksgjennomføring, dvs. planlegging for klimanøytral hyttebygging og framtidig bruk av gamle sjukeheimen til nye næringar og aktivitet. Det er lagt til grunn at lønna blir finansiert av eigedomsskatt, jf. oversikt i vedlegg.

### Redusert tilknytningsgebyr for fastbuande

Det visast til ØP-notat 3 vedr. forslag til reduksjon i tilknytningsgebyr for fastbuande. Den omfattande VA-satsinga kommunen har i investeringsplan blir dimensjonert for fritidsbustader og den vekst som er spådd på dette området, og dei toppane i kapasitet anlegget må tåle under ferier og helger. Sidan bustader for fastbuande utgjær omlag 10% av dimensjoneringsgrunnlaget, for fritidsbustader og bygningar for reiselivsverksemder, blir tilknytningsgebyret differensiert etter bygningstype. Ei slik regelendring vil medføre reduksjon i årleg tilknytningsgebyr på ca. kr 340`. Området har p.t. sjølvkostfond, og difor ikkje noko utfordring med å finansiere dette.

### Sjølvkostområdet VA

Sjølvkostområdet vatn og avløp viser høgare utgifter, men dette har motpost i reduserte finanskostnadar som ligg på sentralt område, ca. 1.300`. Sjølvkostområdet for vatn og avløp er kalkulert

## Økonomiplan for 2021-2024

og saldert i null mot bunde fond for tenesta. Kommunalområdet tekniske tenester / VA viser ei netto kostnadsauke. Dette skuldast at det er inntektsført meir bundne fond her enn det kostnadane på VA-området skulle tilseie, fordi ein del av kostnadane som reknast inn i sjølvkostkalkyla ikkje ligg budsjettert under kommunalområdet tekniske tenester / VA, men på sentralt område (renter, avdrag/avskrivningar mv.). Det har vore nedgang i slike kostnadar, og det vises under sentralt område, medan nedgangen i bruk av bundne fond for slike kostnadar vises som ein kostnadsauke under tekniske tenester / VA.

I tillegg er indirekte kostnadar frå andre kommunalområde, totalt 1.400` i 2021, finansiert med bunde fond under tekniske tenester - vatn og avløp.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på enhet (tabell)

Beløp i 1000	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Teknisk drift	26 399	16 292	18 641	15 825	12 819	9 630
Næring plan og byggesak	2 135	13 768	12 190	12 290	11 590	11 789
<b>Sum</b>	<b>28 534</b>	<b>30 060</b>	<b>30 831</b>	<b>28 115</b>	<b>24 409</b>	<b>21 419</b>

## Investeringer i økonomiplanen

### Investeringar i økonomiplanen

#### **Sikker vassforsyning og miljørett handtering av avløpsvatn**

Kommunen har vedteke plan for vassmiljø – vassforsyning – avløp og handlingsplan for spreidd avløp. Handlingsdelane av desse planane vil bli revidert våren 2021, og investeringsprogrammet for VA må tilpassast reviderte handlingsplanar.

Bakgrunnen for den omfattande satsinga som har vore, og som det vert lagd opp til, innan vassforsyning og handtering av avløpsvatn, er å sikre trygg VA-løysing for reiselivsnæringa og deltidsinnbyggerane i kommunen. For desse brukargruppene vil det vera eit stort behov for trygg VA-forsyning i helger, ferie mv., og anlegga våre må dimensjonera for dette. Dersom vi skulle ha bygd ut VA-anlegg som skulle nyttast av berre fastbuande, ville løysingane og dimensjoneringa vore ei heilt anna.

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatt, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn.

Ole vassverk vart godkjent av kommunestyret i 1999, og har Olevatnet som råvasskjelde. Det er pr. 2017 knyta til 2098 abonnentar hovudsakleg i området Beitostølen – Beito.

Kollstad vassverk vart overtatt av kommunen i 2006 og har inntak direkte frå elva Ygna. Mellsenn vart plangodkjent som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk i 2011. Det er pr. 2017 182 abonnentar knytt til Kollstad vassverk. Mellsenn og Olevatnet er ut frå vasskjemiske og hygieniske data og hydrologi vurderte å ha gode kvalitetar som råvasskjelde.

Vindin vassverk med Søre Vindin som råvasskjelde og Ringåne vassverk med inntak frå Ringåne (ca 27 abonnentar) er private vassforsyningssystem i midtre og søre del av bygda. Kommunen er positiv til å overta drifta av desse private vassverka, dersom vassverka sjølv ber om det. Ei ev. overtaking vil ta noko tid, og må planleggjast godt.

Etter at VA leidning Beitostølen – Sele er ferdigstilt står Rogne-Skattebu att som det området i kommunen som ikkje har felles vassforsyning. Vindin vassverk har ikkje prioritert etablering av felles vassforsyning i dette området.

Det er registrert 166 km leidning for drikkevassforsyning med om lag lik fordeling på kommunal og privat leidning. Kommunalt leidningsnett er av nyare dato (ca 73 % etablert etter 1990) og har god drifts/ vedlikehaldsstatus. Privat leidningsnett (hovudnett og fordelingsnett) er av noko eldre dato, og har komande behov for oppgradering/vedlikehald.

#### Oppgradering av Ole Vassverk

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med auka utbygging. Bassengkapasiteten må auke tilsvarande for å nå målet om å ha minimum eitt døgn forbruk lagra i basseng.

Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg har mål om å kunne vere reservevasskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir råvatn. Noverande konsesjonsrammar er så vidt strenge fordi vi den gong ikkje kunne dokumentere konsekvens ved uttaket. I dag har vi erfaring og dokumentasjon som bør gje høve til utvida uttak.

Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng med største djup 26 m. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet.

Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget.

Tiltaka knytt til Ole vassverk vert gjennomført i 2021 til 2023, med 9 mill. i overførde midlar frå 2019 og ei løyving på 6 mill. i 2022 og 9 mill. i 2023, finansiert med låneopptak.

### Kollstad vassverk – ny vasskjelde, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett

Kommunen overtok Kollstad vassverk ved vedtak i kommunestyret 22.06.2006. Etter overtaking har kommunen utvida kapasitet for høgdebasseng og utbetra deler av hovudleidningsnett. Inntakspunkt er framleis direkte i elva Ygna, og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningstryggleik. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med klimaendringane. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredsstillar dei krav vi har til vasskjelder i dag. Hovudleidning mellom inntak og behandlingsanlegg er av dårleg kvalitet. Dei svært høge utbyggingskostnadane krev at vi med dette nye forsyningssystemet bør ha ambisjonar om levering til fleire enn dei 182 abonnentane Kollstad Vassverk har i dag.

Som overflatevasskjelde har Mellsenn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskemiske/hygieniske målingar. Mellsenn vart godkjent av Mattilsynet som råvasskjelde for Kollstad vassverk 21.02.2011. Neste trinn i arbeidet med å etablere Mellsenn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk vil være søknad om konsesjon for vassuttak etter vassressurslova. Vi må avklare retten til å ta ut vatn frå Mellsenn.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellsenn i 2023-2024. Vidare har vi behov for å byggje nytt behandlingsanlegg for Kollstad Vassverk og til å utvide forsyningsområdet til Nørre Rogne.

Tiltaka knytt til Kollstad vassverk vert gjennomført i 2022 - 2024, med ei løyving på 19 mill. i 2022 og 20 mill. i 2023 og 31 mill. i 2024 finansiert med låneopptak.

### Høgdebasseng Nordtorp

Høgdebasseng bør byggast for å auke leveringstryggleiken på leidninga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Det vert sett av 13 mill. til tiltaket i 2021, finansiert med låneopptak. I tillegg vert det overført 2 mill. frå 2020.

### VA-leidning Nordtorp- Hegge stavkyrkje

Hegge Stavkyrkje krev særleg merksemd med tanke på brannvern og nok brannvatn. Kommunen har ansvar for brannvassforsyning. Det vert sett av 6 mill. kr. til utbygging av brannvatn til Hegge Stavkyrkje i 2021 og samtidig framføring av VA-anlegg i området, finansiert med låneopptak.

### VA Furustand – Nedrefoss RA

Beito RA blir i hovudsak tilført avløpsvatn frå store hytteområde, hotell og overnattingsbedrifter og noko fast busetnad, medan Nedrefoss RA blir tilført avløpsvatn frå midtbygda. Nedrefoss har ikkje reinsetrinn for organisk materiale. Over fleire år har det vore utfordrande å overhalde gjeldande krav i utsleppsløyve.

Ved bygging av ny avløpsleidning frå Lidar nedover i bygda er det eit av måla å få avløp frå Beitostølen til Nedrefoss. Skal vi fortsette med påkoplingar av hus i bygda samt hytter/leilegheiter på Beitostølen må vi kople saman avløpsanlegget på Beito med avløpsanlegget ved Nedrefoss.

For å binde saman avløpsanlegga må det byggjast ut anlegg på følgjande strekningar:

- VA Storefoss – Nedrefoss. Føremålet er å kunna levera større avløpsmengder til Nedrefoss RA og sanera vekk Storefoss avløpspumpeastasjon. Prosjektet er starta opp i 2020 og blir fullført i 2021.
- Furustrand – Storefoss, pumpeledning. Pumpeledning må oppgraderast som følge av prosjekta med avløp frå Beitostølen. Denne bør samprojekterast med VA-anlegget for Heranglie bustadfelt og VA-anlegget for Raubrøtmoen.

Det vert overført 6 mill. til desse utbyggingane frå 2020. I tillegg vert det løyvd 6 mill. kroner til utbygginga i 2021, finansiert med lån.

I økonomiplanperioden må vi starte utbygging av nytt reinseanlegg på Nedrefoss. Nedrefoss har ikkje reinsetrinn for organisk materiale. Over fleire år har det vore utfordrande å overhalde gjeldande krav i utsleppsløyve. Det vert sett av 30 mill. til denne utbygginga i 2024, finansiert med lån.

### Utbygging av VA-leidningar i bygda.

Vi vil byggje ut VA-leidningar i følgjande område i planperioden:

- Bergojordet. Vi må auka kapasiteten på overvassleidninga frå Beitostølen sentrum over Bergojordet i 2020 og leggje VA-leidning frå Beitostølsvegen til Finntøppvegen.
- Budsjett 4,0 mill 2019VA Gullbakkvegen. Dette prosjektet er i gang. Mange venter på å få sanert sine avløpsanlegg.
- Kollstad – Tvingivegen . Vidareføring av kommunal hovudleidning i Kollstadbygda med mål å sanere separate avløpsanlegg.
- Sanering av separate avløpsanlegg. Ettersom vi no ferdigstiller nye hovudleidningar for vatn og avløp, vert det behov for mindre VA-prosjekt i form av sideleidningar. Det er behov for eit budsjett som gir rom for raske avgjersler på slike mindre prosjekt.

Det vert sett av 7 mill. årleg i perioden til desse tiltaka, finansiert med lån. I tillegg vert det overført 11 mill. kr frå 2020.

### Utbygging av VA i nye kommunale bustadområde

For å leggje til rette for busetting vil vi byggje infrastruktur til ny bustadfelt:

- VA Heranglie. Her er reguleringsplanen vedteken og grunnervervet gjennomført. Utbygging av VA-anlegget vil vera ei omfattande og krev store ressursar. Tiltaket må samprojekterast med pumpeledning Furustrand Storefoss og ny avløpsleidning frå Raubrøtmoen. Tiltaket vil etter

## Økonomiplan for 2021-2024

planen bli gjennomført i 2021-2022, med Va-leidningar i utbyggingsområdet og pumpestasjon/-leidning frå Furustand til Herangslie. Kostnad ved dette er rekna til 12 mill. kroner.

- VA Solhaugslie III. Området er ferdig regulert, men grunnvervet er enno ikkje gjennomført. Vi tek sikte på utbygging av anlegget i 2022-2023.
- VA Kolleberg. Dette legg til rette både for bustadbygging og for at fleire vert kopla på offentleg nett.

Det vert sett av 10 mill. i 2021 og 8 mill. i 2022 og 10. mill. i 2023 til desse tiltaka, finansiert med lån. I tillegg vert det overført 2 mill. frå 2020.

### VA i hytteområda

Registreringar på Auståsen i 2014 viste at i område med straum hadde 42 % av hyttene borebrønn, medan 14 % av hyttene hadde borebrønn i område utan straum. Javnlie hadde flest borebrønner, dvs. 60 % av hyttene hadde borebrønn. Etablering av felles avløpsløysingar vil redusere faren for forureining slik at eksisterande borebrønner sannsynlegvis også i stor grad kan nyttast framover.

Spredt avløp vil også etter etablering av fellesløysingar for VA i vedtekte infrastruktursoner vere aktuell løysing i mange område. Det er 438 hytter og 398 seterhus som ligg utanfor gjeldande infrastruktursoner. Infrastruktursonene fangar opp nesten alle registrerte separate avløpsanlegg dvs. 393 av 416 anlegg. Også innanfor infrastruktursonene vil det for enkelte område både ut frå kostnadsmessige og praktiske årsaker være separate anlegg som er aktuelt alternativ.

Vi vil gjennomføre tiltak i følgjande område:

- Javnlie. I dag er det over 150 anlegg med dårlig kvalitet. Området har ikkje tilstrekkeleg infiltrasjonsevner, og samtidig eit stort utbyggingspotensiale.
- Gravfjellsområdet. Vi har bygd ut leidning til Robølshøvda og kan vidareføre denne til Gravfjellsområdet.
- Luskeråsen. Pga. av fare for forureining av borebrønner i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløysing. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønner i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekkssystem i berggrun med fare for forureining av drikkevatt er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko.

Det vert sett av 20 mill. årleg i åra 2022-2024 til utbygging av VA i fjellet finansiert med lån. I tillegg vert det overført 4 mill. frå 2020.

## **Kommunale bygg og uteområde**

### Øystre Slidre Helsetun

Helsetunet vert ferdig utbygd i 2020, med innflytting i januar 2021. Uteområdet vert ferdigstilt i 2021. Det vert overført om lag 10 mill. frå 2020 til 2021 til uteområdet og sluttavrekning for entrepenør.

### Uteområde Gapahuken

Uteområdet rundt Gapahuken og Lydkåken skal gjerast ferdig i 2020/21. Det vert overført 1,0 mill. frå 2020.

### Uteområde Tingvang

Som del av moglegheitsstudien for Heggenes – Tingvang vart det vurdert ei oppgradering av uteområdet mellom Tingvang og ØSUS, m.a. for å få skjerma uteområde for bueingane i gamle bankbygget, for å etablere tydelege gangsamband mellom ØSUS/Gapahuken og kommunehuset og for å få eit betre organisering av parkeringsplassane slik at naudetatane kjem fram ved behov. Kostnaden ved desse tiltaka er vurdert til 1,2 mill kr.

### Friområdet Furustand, med gangveg frå Heggenes torg

Som del av moglegheitsstudien for Heggenes – Tingvang vart det vurdert ei utvikling av friområdet på Furustrand. Vi vil i 2021 planlegge dette og undersøke korleis vi kan få ekstern finansiering av utbygginga. Ein del av tiltaket er bygging av ein gangveg/tursti frå Heggenes torg/Helsetunet ned og langs fjorden til Furustand. Midla kan også nyttast til dagsturhytte i kommunen.

### Klima+ - næringsklynge

Kommunen har kjøpt Sparebankbygget med føremål å etablere ei næringsklynge i bygget. I 2020 har vi fått støtte til å vurdere tiltak for å gjere huset til eit null-hus, og tiltaka som vert tilrådd vil bli planlagd og vurdert gjennomført i 2021. Det blir overført 1,775 mill. kr frå 2020 til bygningsmessige tiltak på Klima+-huset. Kommunen vil nytte desse midla søkje om tilleggsfinansiering for utbetring av bygningen. Prioriterte tiltak er etterisolering av taket (kostnadsrekna til om lag 2,2 mill. kr. og etablering av solselleanlegg på taket (kostnadsrekna til 1,5 mill. kr.)

### Lydisolering kulturskulerom

Det er behov for å lydisolere kulturskuleromma. Undervisning kan då skje samtidig, utan å sjenere kvarandre med lyd. Ombygginga vil samle lærarane og styrke det faglege miljøet, og gje elevane ein sosial og inkluderande arena. Vi vil endre eksisterande romløyning for å få fleire undervisningsrom og samtidig utbetre lydtilhøva, slik at vi kan drive lydsterk musikkundervisning i alle undervisningsrom på same tid. Det vil bli etablert eit nytt rom med funksjon også som kjøken/pause/kopierom. Prisoverslag ca. 600`. Dette blir finansiert ved overføring frå drifta, herunder bruk av bunde fond for kultur med 209` og 391` frå innspara midlar på drifta i 2020.

## **Kommunale vegar**

### Asfaltering av kommunale vegar

Det vert sett av 2 mill. årleg i planperioden til asfaltering av kommunale vegar, finansiert av eigedomsskatteinntekter, 1 mill i 2021. Vegar som står for tur å bli asfaltert er resten av Stølsleie bustadfelt, Solhauglie og Tingvangfeltet.

### Volbu bru

Volbu bru er smal og vil ha behov for teknisk oppgradering. Ny og tidsmessig bru er vurdert som ei betre løysing. Prosjektering vert gjennomført i 2020. Det vert overført 2,5 mill. frå 2020. I tillegg vert det sett av 2,5 mill. i 2021.

### Beitostølen sør – vest.

I området mellom Beitovegen og skistadion på nedsida av fv. 51 er det gjennom ei rekke reguleringsplanar og utbyggingsavtalar vedteke utbygging av kommunal infrastruktur eller infrastruktur som naturleg knyter seg til kommunal infrastruktur. Ein del av tiltak som skal gjennomførast kan delfinansierast med anleggsbidrag som er eller vil bli betalt inn etter inngåtte utbyggingsavtalar.

Dei aktuelle tiltaka i området er:

- Utbygging av fortau/skiløype frå fv. 51. til Beitostølen skistadion. (7 mill.)
- Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen inkl. turveg/skiløype frå fv 51 til Beitovegen. (6 mill.)
- Overtaking og utbygging av turveg/skiløype frå undergang ved fv 51 til Finntøppvegen. (2 mill.)
- Skiløype/turveg frå Finntøppvegen til Beitobrinken (5 mill.)
- Bygging av ny skibru over Finntøppvegen. (6 mill.)
- Bygging av ny skibru over Beitostølsvegen med turveg/skiløype frå ny skibru til Finntøppvegen. (6 mill. til skibru)
- Turveg/skiløype frå Beitostølsvegen ved Hydrotunet til Finntøppvegen.
- Fortau/sykkel og gangveg langs Beitostølsvegen til forbi ny skibru.

